
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 7. januar 2016 15:37
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: Trafikksikring ved Holme Forretningsområde - Meland kommune

Sak 14/599

Fra: Lise Fauskanger Ådlandsvik [<mailto:Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no>]
Sendt: 7. januar 2016 12:42
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: SV: Trafikksikring ved Holme Forretningsområde - Meland kommune

Hei.

Vi viser til tidlegare korrespondanse vedkommande reguleringsplan og trafikksikringstiltak ved Holme forretningsområde i Meland kommune.

Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen hadde saka oppe på sitt møte før jul. I møte vart saka gjort detaljert greie for, med hovudvekt på planstatus og vilkår for trafikktryggleik langs fylkesvegen. Problemstillingane er samansett. Konklusjonen i møtet vart at saksprosessen no er kome for langt til at ein kan gjere endringar, og gje dispensasjon.

Utdrag frå møtereferatet (førebels):

I samband med søknad om planlegging av daglegvarebutikk på nordsida av veggen, har utbyggjar fått rekkefølgekrav om å byggja undergang under fylkesvegen. Ny utbyggjar søkte om dispensasjon frå kravet straks etter planen vart godkjent. Kommunen støttar dispensasjon, som inneber ei kryssing i plan. SVV har frå starten av planarbeidet framført at undergang er ein premisse for etablering av butikken. Det ligg ikkje andre bygg på nordsida av veggen, all bebyggelse ligg på sørsida. Dette er «hovudvegen» i kommunen, og ifølgje SVV er det unaturleg med 50-soner og fartshumpar her. SVV vurderer at undergang er den beste og sikreste løysinga. Trafikksikring ved Holme, inngår som ein del av Nordhordlandspakken. HFK støttar SVV sine vurderingar i saka; at det fagleg vanskeleg å gje dispensasjon. Saka viser at det er viktig å vera tidleg inne i planprosessane. Det er også ei generell problemstilling om, og eventuelt i kor stor grad, rekkefølgekrav som kan vera urimeleg for den enkelte utbyggjar, bør takast omsyn til i høve veg- og trafikkfaglege avgjerder.

Lise Fauskanger Ådlandsvik

Spesialrådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon
Hordaland fylkeskommune

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73

www.hordaland.no |